


## Installering av MATLAB



MATLAB er ei korting for Matrix Laboratory – «matriselaboratorium». Det kan brukast til mykje som har med tal og matematikk å gjere. Ein del av dette skal lære i dette kurset.

Vi installerer MATLAB frå MathWorks si eiga side. (MathWorks er selskapet som har laga, utviklar og sel MATLAB – i tillegg til andre applikasjonar.)

Før vi får installert opprettar vi ein konto på nettsida deira, [mathworks.com](https://www.mathworks.com). Velg «Create Account» oppe i høgre hjørne. Når du blir bedt om å gi e-post-adressa di, er det viktig at du brukar hioa-adressa di – om du vél ei anna, privat adresse, vil det ikkje fungere. Vidare skal du på spørsmålet «How will you use MathWorks software?» svare «Academic use (including campus/site license use)» (du skal ikkje velge «Student use ...»).

Etter å ha oppretta konto, loggar du deg på og vél «Manage Licenses». Deretter klikkar du på «Add License». I det vindauga som dukkar opp, hukar du av «Activation Key».

Etter det skriv du inn aktiveringsnøkkelen, som er

**11110-78942-32755-88470-28494**

For å laste ned sjølve programvara, klikk «Download Products» og følg instruksjonane vidare. For Windows køyrer du «*setup.exe*», for Mac vél du «*InstallForMacOSX*» og Linux-brukarar vél «*install.sh*». Under installeringa skal du spesifisere at du skal installere via internett og du bør velge «*Typical*» installering (dette sikrar at du får med alle produkta som lisensen inkluderer). Du blir også bedt om å spesifisere kva mappe du vil at MATLAB skal bli lagra i.

Heilt til sist, skal programvara *aktiverast*. Dette skjer i ein eigen dialogboks som heiter «*WathWorks Software Activation*».

Dessverre har eg, sidan eg ikkje er student, ikkje hatt høve til å gjere denne installeringa sjølv. Om det skulle dukke opp problem, kan du evt. sjekke instruksjonen frå MathWorks. Den har eg kalla *InstalleringFraaMathWorks* og lagt ut på Fronter. I alle høve vil eg gjerne vite om eventuelle problem med installeringa.

-Solve